

indremisjons Mentem

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

04 - 2023



ST 510

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-
samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Oddvar M. Torget, nestleiar
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Tordis Thuestad
Vidar Stensletten Eik
Henriette Bjørnevik

Svein Tore Kulleseid, 1. vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Ragnhild Nesse, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
www.helgatun.no
helgatun@helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
www.brandoy.no
post@brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
www.framnes.vgs.no
postmottak@framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no
post@sunnbok.no

Framsida-foto:

Frå Pit Stop
på Leirvik i
haustferien

Gi di gåve med
v:pps
Vipps-nummer: 102696

Korleis gjera Jesus tilgjengeleg?

Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Det er strålende novemberdag når dette vert skrive. Eg ser ut vindaug på kontoret på Leirvik. Folk går forbi, bilar susar avgarde. Eg har nett lese i Connect – bibelmagasinet for ungdom – om meininga med livet. Ja, kva gir eigentleg meining i livet? «Kva har mennesket att for sitt strev, for alt det strevar med under sola», spør Salomo i Forkynnaren. Salomo, som materielt sett hadde alt i livet, stiller relevante og nærgående spørsmål omkring meininga med livet. Han slår fast at livet er fullstendig unyttig når det vert levd utan Gud.

«**Kor tilgjengeleg er eigentleg Jesus for folk i landet vårt?**», spør John Torjus Erikssen i den nye brosjyren ImF har gitt ut omkring planting av nye fellesskap. Tankane oppstod allereie som ung tilsett i Tromsø. Trass mykje glede i tenesta, vart ei nød sådd i hjartet.

«I dag tenkjer ein ofte at unge ikkje vil tru, at dei vel bort Jesus og vel verda i staden. Men dei vel han ikkje vekk. Dei veit ikkje om han. Dei veit ikkje om at det finst ein annan og betre veg; Jesus», seier Caroline Ugedal lenger bak i dette bladet.

Også indremisjonen hadde sin start. For IMS sin del er historia 159 år. Det starta med nød og glød, i ei løe i Uskedalen i 1864. Om gjengen som om lag samstundes stifta Bergens Indremisjon, vert det sagt: «De var rett nok noen stille venner, men de hadde tro, håp og kjærlighet i hjerte, fullt nok til å bryte stillheten med glød i budskapet, kraft i fellesskapet og hjelp til tidens sosiale nød». Desse venne brydde seg om folket. Dei hadde blikket ut over seg sjølv.

Glød i bodskapen: Det er evangeliet som er dynamitten. Guds Ord er levande og verksamt (Hebr. 4, 12). På side 12 får du invitasjon til å bli med å lesa Bibelen i januar. Det skjer noko på innsida når me les. Gløden veks fram, og det gjer også kjærleiken til menneske, når me i større grad får sjå menneske slik Gud ser dei.

Kraft i fellesskapet: Fellesskapet fungerte som eldstad som utrusta og sendte folk ut, både i Bergensområdet, men også på få tiår var med å dekke Vestlandet med nye fellesskap. Denne krafta ynskjer me for fellesskapa også i dag.

Hjelp til den sosiale nøda i tida: Dei fire «søstrene» som i Bergen i 1880 hadde 1841 husbesøk og 2190 sjukebesøk ønskte å bekjempe den store samfunnsutfordringa, som då var alkoholinmisbruk. I dag kan nøden ha ulike ansikt. Einsemd er i dag peika på som ein av dei store folkesjukdomane i Noreg. Der det er kjærleik, opnar Gud dører. Jesus hadde inderleg medkjensle med menneske rundt seg (Matt. 9, 36), og Tabita (Apg. 9, 36) bobla over av hjelpetiltak.


Me trur at Jesus framleis er svaret for menneske i dag. Men me treng å gjera Jesus tilgjengeleg på måtar som gjer at menneske i dag faktisk ser Han slik han er. Ovanfor er nemnd tre umistelege verdiar for dagens bedehusarbeid. Det er tid for å la Jesu hjartelag for menneske fylla oss på ny, og seia som Jesaja; «Her er eg, send meg».

Tusenvis vert nådd!

Dagar, veker og månader går, og det går raskt mot årsskifte og endeleg status for IMS sin økonomi pr. 2023. Ved utgangen av oktober ser vi at det er eit stort underskot, men ut frå tidlegare erfaring veit vi at det kjem ekstra mykje inn dei to siste månadane i året. Men utan eit ekstra løft dette året kjem vi nok ikkje i hamn økonomisk. I desse dagar vert det sendt ut ein ekstra gåvegiro til dei som har gitt gåver dei siste åra, og det nærmar seg tid for å senda ut julegåvegiro. Vi håpar og ber om at gode midlar kjem inn på desse. Som BU-avdelinga skriv i ekstragåvegiroen som vert sendt ut: «Gjennom eit år møter vi i IMS tusenvis av barn og unge i vår krins. Kvart år opplever vi at menneske blir forvandla av evangeliet om Jesus Kristus, vår frelsar.»

Takk for at du vil vera med å støtta dette arbeidet gjennom bøn, oppmuntring og økonomiske gåver.

Rekneskapet pr. 31. oktober viser eit driftsunderskot på kr 1.103.546,-. Året for var det eit underskot på kr 1.145.433,-.



Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller du finn skjema på www.indremisjonen.no

Små. Audmjuka. - På kne for Herren

Andakt av
Torleiv Åreskjold



«Vil de be for meg?», spurde kvinna på bønemøtet.

Rett før me var ferdige med bønnerunden, og heilt ute av rekkefølge, tok ho ordet. Ikkje i starten då møteleiaren spurde om nokon hadde bønneemne. Men ho måtte spørja, kunne ikkje gå heim utan. Sjuk, teken til sides, uroleg for seg sjølv. Ute av stand til å sjå kvifor det hadde blitt slik, eller korleis Gud no kunne bruke henne.

Opninga på bønemøtet, ein halvtime tidlegare, var henta frå versa i Markus kapittel 5, om kvinna som strekte ut handa etter kappa til Jesus. Ho som rørte ved Han, og vart lækt og frelst.

Me er mange som skulle spurt «Vil de be for meg?». Latt maskene falle. Latt trongen etter å bøye kne vinne over menneskefrykta; audmjuka, utan å for-

stå kvifor eller korleis, urolege for oss sjølve, urolege for andre og urolege for framtida. Med hendene utstrekke etter frelsaren.

Me er kjeltringar, falsknarar, løgnarar, tjuvar, egoistar, valdsmenn, overgripingar og folk med ureine tankar. Misunnande, baktalande, sjuke og friske, halte og blinde. Fine er me på utsida, – rotne på innsida. Fortapte utan ein frelsar.

Me er slike som Jesus kom til verda for å frelse. Slike som, i Han, får rettferd, – som blir reine og rettferdige, himmelen verdige.

Har du teke imot frelsaren? Er du i Han? Då er du med i flokken som er på veg til himmelen! Det er stort, det! På veg til himmelen! Saman, i Han! Berre ei lita stund til no, så er me heime.

Me er frelste syndarar som Gud har plassert saman som sysken på bedehusa. Ikkje einige i alt. Ikkje like i alt. Men ein syskenflokk som vil arbeida for at resten av verda òg skal få møta Han som frelser, Han som bergar for æva.


Kva skal me gjera for å lukkast i arbeid- et? Kva skal me gjere når me synest det går for seint? Kvinnene har svaret. – Små. Audmjuka. På kne. Med hendene strekte etter Herren. Slike som set all si lit til Han. Som ventar på Han.

Også som arbeidarar er me hjelpelause, – om Gud synest å ha god tid, lyt me vente.

Me ventar på Han. Den allmektige. Frelsaren.

Kraft-konferanse


Laurdag 17. februar
Leirvik bedehus



Meir info kjem på indremisjonen.no

Forsamlingskonferanse

Laurdag 16. mars
Norheimsund bedehus



Meir info kjem på indremisjonen.no

BØNE SPALTA

BE FOR:

- KRAFT- og Forsamlingskonferansen
- Damehelg og Brandøytreff
- Helgatun, Helgatunlia og Brandøy
- Godt julesal for SunnBok
- Foreningar og forsamlingar
- IMS styret

TAKK FOR:

- Pit Stop
- Lederkonferansen på Straume
- 18 flotte IMS-konfirmantar
- Lokale leiingar og tilsette i IMS
- Framnes og Bildøy
- Les og be Matt 5: 43-48 og Fil. 2: 1-5

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi på andakten i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

*Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. - AMEN.*

Sunn og usunn karismatikk

Me er på ImF lederkonferanse, og mange har funne vegen til seminaret «ImF, en karismatisk bevegelse?». ImF-leder Runar Landro, og Andreas Evensen, rektor Bildøy, leier oss igjennom seminaret.

Ordet karismatikk kjem frå ordet «charisma» som tyder nådegåve. ImF er opptatt av å vera nådegåvebasert bevegelse. Me har alle fått nådegåver – gåver av nåde – å forvalta. Så ja, utifrå nådegåvetenkning er ImF ein karismatisk bevegelse. Karismatiske kjenneteikn ved bedehuskulturen oppgjennom åra:

- friare møteform
- bønne- og vitnemøte der alle kan bidra
- nådegåvebruk – tradisjonelt gjerne spissa mot forkynning
- ein har blitt «minna om»
- aksjonar og vedvarande møte, vekkingar

Så kom Jesusbevegelsen til Noreg på 60-70-talet. Her var det læremessige ting og sterke personlegdomar som gjorde at folk såg ulikt på bevegelsen. Fleire leiarar advarte og tok avstand. Andre ville ta imot det gode frå bevegelsen, men ein såg ulikt på korleis. Oppi dette kan ein spørja seg om ein mista noko av den karismatiske bedehusarven i det velmeinte ynskjet om å halda ei «klar linje»?

Jens M. Rongsvåg, tidlegare redaktør i Sambåndet og forkynnar, sa m.a. i 1970: «*Står den karismatiske vekkinga i fåre, så gjer ikkje vi det mindre... Kva nyttar vel ein rett teori dersom vi ikkje eig åndsfulden i den. Då vert det heile som eit vel utbygd leidningsnett, men der den elektriske straum vantar...*

Vi treng ei karismatisk vekking. Men ikkje i den snevre form som den karismatiske vekkinga synest å bera bod om, der bare ei eller to nådegåver får rom. Vi treng ei karismatisk vekking med åndstrusting der alle nådegåver får sitt rette rom. Vi treng det for skuld vårt eige Gudsliv. Og vi treng det for Guds rike si skuld.

Før me nyttar Bibelen som sverd, må me bruka den som speil – inn mot oss sjølv, minna Runar Landro oss om. Då vert me meir audmjuke. Om eg har alle gåver, men ikkje har kjærleik, kva vinn eg då (1. Kor. 13)?

Landro nytta vidare symbolikken grønt, gult og raudt lys, i forhold til kva ImF som karismatisk bevegelse seier ja og nei til:

Grønt lys, me seier ja til:

- frimodig forkynning av heile Guds Ord.
- opplæring i, og frimodig bruk av ALLE dei bibelske nådegåvene.
- frimodig invitasjon til bøn for sjuke.
- å ta imot og formidla «minnelser» frå Gud.
- me er medvitne om at me står i ein åndeleg kamp, som primært vert kjempa i bøn.

Gult lys, me må vurdere nøye:

- kva kilde eller samanheng ein bodskap kjem frå.
- kva ord bruker me når me vil dela noko me opplever å ha fått frå Gud? Alt me seier og gjer går igjennom ein kropp med eigen vilje. Ver forsiktig med å seia «Så seier Herren».
- ver forsiktig med bruk av ordet «åndskamp», spesielt i spørsmål omkring strategi, song og musikk m.m. Då har me vanskelegstilt samtalen med ein bror eller søster.
- det er samanheng mellom ein person sin karakter og ein person sine gåver og tenester.

Raudt lys, me seier nei til:

- tanken om at nokon kan dela nye «openberringar».
- at nokon har ein autoritet som gjer at det dei formidlar ikkje vert prøvd på Guds Ord.
- å anklaga nokon for manglande tru viss dei ikkje får det dei ber om.
- å skilja ordinære og «ekstraordinære» nådegåver. Alle deler på Jesu lekam er like viktige (1. Kor. 12).
- overdriven fokus på, og krav om lydnad til «apostlar og profetar».
- tanken om «kreftrike» soner o.l.
- tanken om at Gud er ein «pengeautomat».
- tanken om at ein kristen aldri kan vera sjuk.

Med fordel kunne fleire av punkta vore utdjupa. Dei krev nyansering og samtale, for ikkje å bli misforstått. Like fullt synest me temaet er såpass viktig, at me ynskjer å løfta tematikken fram også for våre lesarar.



Herdis Austevoll (t.v.) og Tore Skeie frå Norheimsund var mellom dei som fekk seminaret med seg.



Runar Landro (biletet) og Andreas Evensen underviste omkring temaet.

Haustmøte med fokus på bøn

22.-24. september var det tid for det årlege Haustmøtet, denne gong eit samarbeid mellom IMS, ImF Stord og Horneland Indremisjon. Tema for helga var «Bøn framfor alt» og talar var Oddvar Søvik.

Vart kristen etter å ha høyr t om likkledet

Me starta med «Endeleg fredag», eit konsept som Horneland Indremisjon har arrangert gjennom fleire år. Folk strøymde inn dørene i Leirvik Bedehus til ein haustpynta møtesal fredagskvelden, og til slutt var me over 120 personar. Hermod Kirkeli leia oss trygt gjennom programmet og John-Inge Rolfsnes (vår lokale kjendis) gledde oss med eigenlaga låtar. Tema for denne kvelden var «Torinokledet – der tru og vitskap møtest». Oddvar Søvik fortalde engasjert om Likkledet i Torino. Han forklarte kva det viser, kva forskning bekreftar og om kledet sin historie. Heile tida drog han parallellar til det evangelia fortel, og viste korleis det blir bekrefta i kledet. Søvik fortalde også om sitt første møte med kledet. Det å få stå ansikt til ansikt med det, sjå blodet på det og vita at det var vår Frelsar sitt blod som rann for oss, vart ei veldig sterk oppleving. Hans konklusjon var: Jesus lever! Søvik fortalde også om fleire som var blitt kristne etter å ha sett eller høyr t om likkledet. Ein av dei sat faktisk i salen, ein av IMS sine konfirmanter i 2022.

Laurdagen var det bibelundervisning i to økter med graut mellom måltida. Også denne dagen var det godt over hundre frammøtte. Lovsongsteamet leia allsong og Søvik underviste. Den første timen hadde temaet «Når du ber». Han snakka om bøn i Jesu namn, syndsvedkjening, lovprising, takk og tilbeding, bøn for egne behov, forbøn for andre, klagebøn og bøn utan ord. I den andre økta var temaet «Når du ber for andre». Her var han inno m både kva me kan be om og korleis me kan be. Undervogs i begge øktene delte han mange sjølvopplevde historiar og mykje som fekk latteren fram. Etter undervisninga gjekk me over til ein forbønsdel. Sidan me sat rundt småbord, blei det oppfordra til at dei som sat saman, bad saman. Så var det også høve til å koma til forbedarar og bli bedt for.

Bøn forvandlar

Søndagen vart bedehuset på nytt fylt opp. Kjetil Fyllingen leia oss gjennom samlinga som inneheldt både lov-song, truedkjening, undervisning, barnesamling, bønestasjonar og enkel servering. «Bøn framfor alt» var temaet Oddvar Søvik gjekk ut frå. Han starta med eit sitat frå Hallesby: «Bønnen er det viktigste arbeidet vi gjør i Guds rike fordi det er forutsetningen for alt annet». Han snakka om å lukka Jesus inn og korleis han då kan utrusta oss med si kraft og sine gaver. Bøn forvandlar, bøn er eit mektig våpen, bøn gir kvile og bøn foreinar Guds folk. Han avslutta med hovudhensikta med bønna: Gud blir æra.

Mange gav i løpet av helga uttrykk for takksemnd for det me fekk vera med på. Undervisninga var både praktisk og veldig lærerik og me fekk også tid til å prata med kvarandre og ikkje minst be for og med kvarandre. Så må det vera vår bøn at det me fekk høyra og det me opplevde, må bli ein del av våre kristenliv og inspirera oss til å halda ut i bøn og la bøn gå framfor alt anna me driv på med i våre samanhengar. Må Gud får virka mektig i oss og gjennom oss så me får vera til velsigning for dei me har rundt oss og møter på!

Bjerg Marit Notland






Oppgradering Helgaton

Sidan slutten av oktober har Helgaton Fjellpensjonat AS vore nedstengt på grunn av oppgradering. Det vert gjort omfattande forbetringar, som vil tena Helgaton i lang tid framover.

Det er gravd opp rundt heile grunnmuren, fleire meter ned, for å isolera. Resterande isolering, over bakkenivå, vil bli gjort når frostperioden er over. Jordalen Entreprenør AS utfører dette.

Sag og Bygg, med John Morten Espevik i spissen, byter vindauge m.m. Dei to kontora i andre etasje er halvert. Her kjem det inn tre toalett og tre dusjar, som kan nyttast av gjester på sovesalen. Så skal det også setjast inn heis i hovudbygget. Fleire firma er engasjert. LOS Elektro arbeider med sikringskap og alt som høyrer med her.

Helgaton vil opna igjen 5. januar. Då er me klare for å ta imot gjester for vintersesongen, seier Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen.



Ta julehandelen hos SunnBok!

Pris kr 249,-

Med «Stjernedryss i adventstid» ynskjer forfattaren å peike på jula si største gåve. Ynskjet er at lesaren skal få same opplevinga som vismennene frå Austerland. Dei vart leia ved hjelp av stjerna og fann fram til Jesusbarnet.

Du får kjøpt boka på

SunnBok

www.sunnbok.no
Torgbakken 10, 5411 Stord
Telefon: 53 41 20 01
e-post: post@sunnbok.no



Styresamlingar

Drøyer du innimellom om å ha meir tid saman med ditt lokale styre for å samtala om retning, løfta blikket, be for arbeidet, sjå moglegheiter og også bli inspirert av andre som står i liknande arbeid? Over tid, og i samtale med deltakarar i ressursgrupper, samling for lokale hovudleiarar, har det vakse fram eit ynskje om å få til lokale styresamlingar ein gong pr semester.

Slik starta invitasjonen som i sommar gjekk ut til lokale foreinings- og forsamlingsleiarar. Me hadde våre første samlingar i september, både på Stord og i Hardanger. Sju lokale styre var representerte på Stord, og fem i Hardanger, med totalt 18-20 menneske på kvar samling. I januar møttest me igjen. Velkommen til å bli med.

Arbeidsmetode og innhald

Kvart styre sit saman og samtalar om aktuelle spørsmål. Det er veksling mellom undervisning og spørsmål til samtale rundt borda. Marit Hårklau Ådnanes og Eli S. Tveitane var fasilitatorar i Hardanger. Ingvild Løklingsholm og Marit Hårklau Ådnanes vil saman vera fasilitatorar i Sunnhordland.

Alle tar utgangspunkt i sin situasjon. Det er dei lokale sjølv som best kjenner kultur, forsamling og bygda dei bur i, og som også har beste løysinga på korleis koma seg vidare.

Innhald i samlingane vil variera frå gong til gong. Me legg opp til tema som er aktuelle for alle forsamlingar. Samlingane vart noko ulike denne gongen. Begge stader hadde me tema som gjekk på «Ut-fokus». Korleis kan me vera aktuelle og synlege for folk rundt oss? «Lag ein modell som viser korleis du kan leva eit godt misjonalt liv i kvardagen – og lag ein modell som kan fungera for fleire». Her var det arbeid både individuelt og i grupper. I Sunnhordland samtalte me også om styrke, svakhet og moglegheiter i arbeidet. «Opp-dimensjonen», vår tilbeding og tid med Gud, var tema i Hardanger. «Korleis kan den bli meir tydeleg i fellesskapet vårt – og i eige liv?»

Etter arbeidsøktene er det presentasjon frå kvar gruppe. Kva moglegheiter ser ein, og korleis kan dette sjå ut lokalt hos oss? Mot slutten av samlinga er det bøn for kvart styre.



Styremedlemmer i Jondal Indremisjon i samtale.

Tilbakemeldingar:



Øystese Indremisjon var representerte ved Randi Sæleset (f.v.), Ingunn og Bent Inge Bentsen.

Det var veldig fint å samlast og bli litt kjent med kvarandre. Det er viktig å ha fokus på kva me ønsker for bedehuset og vegen vidare. Dette er ein fin setting å dele erfaringar frå arbeidet. Eg likte og kombinasjonen av oppgåver og undervisning, samt at me avslutta med å be for kvarandre.


Bent Inge Bentsen, leiar Øystese Indremisjon



I god samtale: Vidar Giske og Sigrunn Gerhardsen, Øvrebygda Indremisjon.

Veldig kjekk samling. Skikkeleg godt lagt opp med felles undervisning og deretter jobba saman me som var frå vår forsamling, og deretter høyra frå dei andre bedehusa. Det vert størst utbytte viss heile styret deltar, då får alle den same opplevinga.

Vidar Giske, leiar Øvrebygda Indremisjon



Presentasjon frå Uskedalen ved leiar Asgeir Hjelmeland t.h.



Barne- og ungdomssidene

Eirik Stensland - Lise Marie Th. Litlabø -

Leirar framover

Brandøy: Helgatun:

Juniorhelg

4-9 år med fylgje
1.-3. mars
Pris: 900,- for barn
og 1700,- for vaksen

Skileir

8. klasse+
2.-4. februar
Pris: 1100,-

Tweensweekend

5.-7. klasse
15.-17. mars
Pris: 900,-

Superhelg

0-9 år med fylgje
3.-5. mai
Pris: 900,- for barn
og 1700,- for vaksen

Påskefestival

8. klasse+
22.-26. mars
Pris: 1800,-



Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

Link 23 i Øystese

Helgen 3.-5. november ble LINK23 arrangert for fjerde gang. Med oss hadde vi Solveig Hosøy som taler og lovsangsteam med både Framneselever og lokale krefter. Det kom rundt 60 ungdommer på de ulike møtene og aktivitetene. Temaet for helgen var FRIMODIG, og mange av ungdommene dro hjem fra LINK inspirerte til å leve ett litt mer frimodig liv på grunn av det Jesus har gjort for oss. Hvis du vil bli med på LINK får du muligheten allerede 2.-4. februar, det er mulighet for gratis overnatting for ungdommer langveisfra!



www.facebook.com/Linkoystese



UNGS **QR-hjørne**
The Bible project



The Bible project har mange flotte filmar som illustrerer Bibelen, Guds ord, på ein god måte. Denne gongen vil me dela filmen frå dei første kapitla i Lukas evangeliet, det som vert kalla juleevangeliet. God Jul frå Ung-avdelinga.



Linda Aase - Kristine Særsten

Mitt bibelvers!

«Herren er min klippe og min festning, min frelser. Min Gud er min klippe, som jeg setter min lit til, mitt skjold og min frelses horn, min borg.»

Salme 18,3

Sara Marie Aga, 14 år



Pit Stop Leirvik 2023

Tradisjonen tru gjekk Pit Stop av stabelen siste helga i haustferien. Tema i år var «Leve med Han». Godt over hundre ungdommar var innom i løpet av helga og mange blei berørt av det dei fekk høyra. Fredag kveld fekk me besøk av Ole Thomas Fidjeland som tala om åndskamp, og mange søkte forbønn. Laurdag var det nokre som delte litt av sine vitnesbyrd og det vart også opna for andre som ville seia noko. Dette blei ein flott kveld med lang kø inn til forbønnsrommet. Så hadde me sjølvstund mykje sosialt og kjekt på programmet, det er viktig ei slik helg. Me var også i år så heldige å få besøk av tre frå Skulelaget som bidrog med mykje, dei leia oss også gjennom seminaret «Grill ein kristen» som mange forbinder med NKSS.



Stolleken under turneringa Amatørane's Meister



Stor stemning med Grip mikrofonen



Linda Aase intervjuar representantar frå skulelaget



Lovsång på Pit Stop

www.facebook.com/PitStopLeirvik

«Fest og basar» på Husnes bedehus

Vesle Husnes Indremisjon har lang erfaring med samlingar som langt frå fyller huset. Men ein trufast flokk har oppmuntra kvarandre gjennom åra, og funne at mellom anna basar er ein god veg å gå for å samle folk.

Og vi vart ikkje skuffa denne gongen heller. Vel 70 små og store fylte bedehuset på den tradisjonelle IMS-basaren i november. Det var nesten oppbyggeleg berre å høyre godpraten, og kjenne den gode stemninga rundt borda! 3 åresal gjekk unna i ein fei, for pengane sat laust hos folk. For

underteikna, med «orkesterplass» på scenen (fullt andre plassar), var det herleg å registrere gleder over å vinne dei ulike småtinga!

Vi hadde gleder av å ha Ann Merethe Niclasen med oss som «evangelist» denne ettermiddagen. Med sin bakgrunn frå Frelsesarmeen, og si varme utstråling, stilte ho med ein god ballast. Rørande å erfare stilla i salen, medan ho auste av «Guds skattekitte». Måtte mange ta imot og ta vare på denne skatten!

Barnebarnet til Ann Merethe, Elena Ros Nielsdottir, gledde oss nok ein gong med song, og «Fly lille engel» passa meir enn godt inn i situasjonen i dag!

Eit bugnande kakebord venta, før trekking av bøkene. Mange og flotte gevinstar fekk sin eigar, og vår alltid lune og trygge møteleiar, Britt Huse, kunne til slutt takke for vel 60.000,- kroner til misjonen.

Marit Lindekleiv



Med forventning til Helgatun

Det var 5 forventningsfulle damer som satte kursen mot Helgatun fredag 15. september. Temaet for Damehelga var «Eit er nødvendig».

På Helgatun vart vi møtt av trivelege damer som ønska oss velkommen. Det var pynta til fest med nydelege dekorasjonar. Tradisjonen tru starta fredag kveld med presentasjon av deltakarane og basar med åresal og mange flotte gevinstar. Kvelden vart avslutta med andakt ved Birgit Hjelmeland, og song og tonar ved Sølvi og Dagfinn Heimestøl.

Laurdagen fekk vi ei fin stund der Sølvi og Dagfinn leia oss gjennom fellessong. I andakten fokuserte Sølvi på Marta og Maria som fekk besøk av Jesus. Marta tok ansvar og inviterte Jesus inn, og Maria som satte seg ned ved Jesu føter. Sølvi minna oss om at Jesus omgir oss på alle sider og til alle tider.

Sterkt møte med kveldens gjest

I løpet av laurdagen gjekk nokre damer på fjelltur og andre var aktiv med strikketøyet. Laurdag kveld var vi spente på kven som var kveldens gjest. Vi fekk eit sterkt møte med Kristina som kom fra Litauen i 2011. Ho delte med oss om reisa som ho og mannen hadde hatt frå Litauen til

Samnanger. Ho viste nestekjærleik i praksis og stod med opne armar for å ta imot flyktningar frå Ukraina. Familien er aktive på bedehuset i Tysse, og medlemmene er blitt engasjerte i arbeidet for å inkludere våre nye landsmenn frå Ukraina. Ho utfordra oss alle til å bidra med praktisk omsorg der vi er.

Søndag føremiddag delte Sølvi gode ord med oss og formidla at Gud er med oss i kvardagen. Vi kan då vera klar for å gå ut til ein ny dag og nye utfordringar! Det vart også ei fin delstund før det var tid for middag og avreise.

Vi takkar for gode dagar saman!

Vi fekk oppleva åndeleg påfyll, fine songstunder, nydeleg mat og koseleg drøs!

*Misjonsdamene
frå Os: Jorunn,
Rebekka,
Marianne, Anne
og Jorunn*



Mi trushistorie

Av Reidun Teistedal Dyrøy

Eg har fått eit namn på ei spanande dame, Kirsti Angvik Frugård. Eg har møtt ho før, og eg har sett ho mange stader, men kor? Var det på Brandøy, eller i kyrkja? Var det som medlem i soknerådet, eller som leiar i prostirådet og konfirmantgruppa? Var det kanskje i kassa på SunnBok? Jau, alt dette stemmer. Kirsti har vore pensjonist i to år, men enno har ho ikkje fått tid til å laga sitjemerke i sofaen heime på Stord.

Får mykje av å gi

- Eg pleier å seia ja, når eg blir utfordra, seier den aktive pensjonisten. Me møttest ein regntung novemberkveld heime i den lune stova hennar på Ådland. Her bur ho med mannen sin, Lars Harald. Dei tre borna er vaksne og har flytta ut. Etter eit langt yrkesliv ved HVL (Høgskulen på Vestlandet) har ho blitt utfordra og har takka ja til mange ulike oppgaver i kyrkja og rundt om i kristent arbeid. – Eg kjenner at når eg gir noko til andre, får eg mykje igjen for det sjølv.

Eit frø vart sådd

Kirsti fortel om ein trygg og god oppvekst i hovudstaden. Ho var eldstemann i syskenflokket på tre. Foreldra mine var ikkje kristne, men me song aftnebønn kvar kveld og på julaftan gjekk me i kyrkja. Dessutan blei eg konfirmert i kyrkja. Der fekk eg undervisning, og eit frø vart nok sådd, men eg tok ikkje noko standpunkt. Besteforeldra mine var kristne. Eg kjende dei aldri, men har tenkt i etterkant at dei har bedd for etterkommarane sine. Det at eg er kristen tenkjer eg er ei frukt av dette.

Modig medelev

Årskullet mitt var det første som gjekk på ungdomsskule. Frå denne tida hugsar eg at ein gut i ein parallellklasse gav meg ein traktat om «Jesus Christ Superstar». Eg syntes han var modig og blei nysgjerrig på kva dette kunne vera. På gymnasiet kom eg i klasse med den same guten, og eg blei med på Skulelagsmøter. Enno tok eg ingen bevisst val i forhold til tru. Første år på gymnasiet døydde også far min. Eg hadde ikkje eit trygt forhold til Gud og eg trur det at pappa døyde forsinka prosessen.

Tok eit val

Ein dag, då eg var 18 år kom eg til eit vegskilje. Ein ven sa til meg: - Det er så greitt med deg, Kirsti. Du er kristen, men snakkar aldri om det. Eg gjekk heim og tenkte: Er eg kristen? Eg tok eit val den dagen. Eg ville vera ein kristen, og det har eg vore sidan!

Viktige bønefellesskap

I ungdomsklubben i kyrkjelyden fekk eg ei god venninne som eg fekk be saman med. Eg trur det er lurt å ha nokon ein kan be saman med jamleg. Det er fint og godt å opna opp for Gud og for kvarandre. Framleis har eg ulike bønefellesskap som eg set stor pris på.



Kirsti begynte i besøkstenesta i Røde Kors. Der blei ho sendt til to søstre i 80-åra. Det meiner ho ikkje var tilfeldig. - Dei var kristne og ville at me skulle synga og be saman. Her lærte eg mykje om det å vera tolmogig når ein ventar på svar. Kvar gong bad dei to damene for bror sin. Dei bad om at han ikkje måtte døy før han hadde tatt imot Jesus. Ein dag eg kom på besøk måtte me synge «Rop det ut med hjertets jubel». Det viste seg at broren var død, men hadde blitt kristen før han døydde. Dei to damene var så takknemlege og glade!

Det er jo ikkje alltid ein får dei svara ein ønsker, eller i den tida ein sjølv tenkjer er best, men les ein i Bibelen møter ein Gud sine mange løfte. Eg finn og mykje trøyst i å lesa klagesalmene. Dei begynner med klage, men sluttar i lovsong!

Lærerike og tøffe år

Kirsti fortel om ei ungdomstid i Guds Fred-fellesskapet i Oslo. Dette var ein del av Jesusbevegelsen på 70-talet. Ho minnest med glede gospelkveldar i Trefoldighetskirken med over tusen deltakarar. I «Guds Fred» jobba ho på fulltid i to år. Det var eit forpliktande fellesskap der ho måtte ta ansvar. Ho var med i bønnecelle og jobba og i eit behandlingstilbod for rusavhengige. Det blei to lærerike og tøffe år. Det var eit ungt miljø med mange unge leiarar. - For meg var det mest positivt. Eg trur Gud har beskytta meg. Eg opplever at eg har beina på jorda og hovudet i himmelen, seier ho med eit smil.

Gud går med

Eg har tillit til at Gud vil oss det beste og at han kan bruke oss alle slik me er. Det han har gitt oss i fødselsgåve, kan me bruka i tenesta for han. Verset frå Jeremia 29,11 seier mykje om dette: «For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke tankar». Eg opplever at Gud går med meg i dei oppgåvene eg får.

- Å rydde både tid og stad til bønn og Bibellesing tenkjer eg er viktig. Å bli pensjonist gjer jo at ein har meir tid til å be og å vere stille med Gud. Her er også Guds veg til mitt hjarte. Han har vist seg meir og meir for meg gjennom livet. Gud har bore meg, og trua har halde slik det står i Salme 68,20 (2011-utgåva):

*«Velsigna er Herren
dag etter dag!
Gud er vår redning,
han ber oss!»*

Bli med og les Bibelen i januar!

I januar vil vi lese Bibelen saman (31 dagar), eit kapittel for kvar dag. Vi opprettar ei open facebook-gruppe «Vi les Bibelen i januar!». Her kjem det til å bli lagt ut ein video kvar dag, der lokale folk deler noko frå det dei har lese.



Vi trur det er kraft i Guds ord, Bibelen. Vi trur det er viktig å kjenne Bibelen, og noko skjer på innsida når vi les. Ei undersøking frå Amerika viser at ved å lesa Bibelen fire gonger i veka eller meir, går einsemd ned 30 %, aggresjon/sinne går ned 32 %, bitterheit i nære relasjonar går ned 40 %, alkoholisme går ned 47 %, og frimod til å dele trua si med andre går opp 200 %.

Dette er berre tal, men det peikar på den utrulege krafta som er der når vi les Bibelen jamnleg. Bli med og inviter familie, venner og kjente denne månaden! Vi gler oss!

«For Guds ord er levande og verk-samt. Det er skarpere enn noko tveggja sverd og trengjer igjennom til det kløyver sjel og ånd, merg og bein, og dømmer dei tankar og planar som bur i hjartet»

Hebrearane 4, 12

Ung-arbeidar Kristine Særsten er initiativtakar til «Vi les Bibelen i januar».



Leiarteam

Frå 15. september vart Linda Aase og Eirik Stensland leiarteam i IMS ung. Eirik bur på Bømlo og har sidan 2019 vore ungdomsarbeidar i IMS, 80 % stilling. Linda bur på Tysnes, der ho også driv si eiga verksemd, Aase til unnsetning. Det siste året har ho arbeidd som Ung-arbeidar i 50 % stilling. For fleire år sidan var ho ungdomssekretær i IMS. IMS har vore utan Ung-leiar sidan vinter.

Arbeidsfordeling

- Me to vil gjera mange av dei same tinga, samtidig som me også vil ha ansvar for våre ting, seier Linda. Eirik vil ta mest administrativt ansvar, medan eg blir gjerne den som tar mest initiativ utad. Begge er ute «i feltet» på lagsbesøk. Eg har leiransvar i hovudsak, men begge vil vera på leir. Eg vil ha kontakt inn mot ImF-ung, og er også blitt med i ImF-prosessen. I januar vart eg Awana-kontakt. Eirik vil ta ansvar for ungdomsleir og leier konfirmantarbeidet ConTeenNew.

- For meg vil det ikkje bli så stor endring, seier Eirik. Eg har hatt administrative oppgåver heile vegen, men eg vil jo no ha meir ansvar for det som skjer i Ung-avdelinga. Mykje går alt sin gong, sidan mange er drilla på sine oppgåver. Me snakkar saman, og sjølv om du har eit hovudansvar, betyr det ikkje at du skal gjera alt.

Kva tenkjer de om å arbeida i team?

- Eg har veldig tru på dette, seier Linda. Me utfyller kvarandre, og treng kvarandre si utrustning. Me samarbeider om å få ting gjort, og me kjenner oss ikkje så åleine. - Det fungerer bra når teamet er meg og Linda, seier Eirik. Me er forskjellige, og samarbeider veldig bra.

Kva brenn de for, og ynskjer de å sjå meir av?

- Eg brenn for å ivareta og løfta opp lag som slit, og hjelpe dei som ikkje har kome i gong etter korona, kjem det kontant frå Linda. Det er eit ønske at dei lokale laga skal få ny giv til å stå i arbeidet, og kjenna glede ved arbeidet. Draumen er at lokale lag skal blomstra, og at unge kjenner dette som ein trygg plass der dei vert kjend med Jesus. Så er det også eit mål å få til Fundament, leiartreningsprogram for unge.

- Bibelformidling, og å overlevere trua vidare slik at unge kan ha ei tru som står seg sjølv, kjem det like kontant frå Eirik. Eg ynskjer å inspirera til å leva personleg med Jesus. Så får eg meir og meir tru på at leiarar skal få anledning til å treffast på tvers av lag. Me begynner med første gruppe i januar. Me dreg ut lokalt, og møter leiarar der dei er. Me startar på Bømlo, og utvidar med fleire kommunar etter kvart, seier Eirik.

Dei vel ikkje vekk Jesus. Dei veit ikkje om han.

På Framnesbesøket i september får me ein prat med Caroline Ugedal etter eit kveldsmøte. Tankane ho deler omkring tru, venner, heimbygda, forsamlingsliv og familie er så interessant at me tenkjer «dette vil me dela med våre lesarar». Caroline byrja første året på Framnes i haust, kjem frå Åfjord i Trøndelag, ein kommune som etter samanslåing med Roan har om lag 4.250 innbyggjarar.

Foreldra var oppteken av at Caroline og broren skulle koma i eit bra kristent miljø. Alt i sjuande klasse bestemte Caroline seg for å byrja på Framnes. Då byrja broren her. Ho såg kor bra det var på Framnes, og at broren vaks i trua. Det var stor motivasjon, og ho såg fram til ho sjølv skulle byrja her.

Rett av meg?

- Samtidig kom tanken «er det rett av meg å gå her, når det er så få kristne ungdommar heime»? Kanskje Gud vil at eg heller skal vera heime og bety ein forskjell der? Etterkvart vart eg likevel sikker på at det var her eg skulle vera. Så vil nok Gud visa meg etterkvart kva eg skal gjera og kor eg skal vera, seier Caroline. Det er eit ynskje å vera i eit miljø der eg kan bli betre kjent med Gud, slik at eg kan bruka det vidare.

Kan vera lett å lena seg på andre kristne

Som einaste kristne i klassen i oppveksten, har Caroline vore heldig med at klassen har vore aksepterte. Det har vore greitt å snakka om tru. Nokon har tenkt at eg var overtruisk, og eg har fått kommentarar, men Gud har vore så trufast. Eg ynskjer svar når folk spør og utfordrar om tru. Det har pusha meg til å bli ein bevisst kristen. Eg les bibelen og bøker om tru. Det kan vera lett å lena seg på andre kristne, men det kan du ikkje om du er einaste kristne i klassen. Men, så har eg jo hatt Gud med gjennom kvardagen, poengterer Caroline.

Hadde gløymt at Gud fantes

Caroline hadde typisk tenåringsperiode i sjettede klasse. Ho var meir sur og sint, og var også begynt å lyga ein del. Ho sa til foreldra at ho kunne legga seg sjølv om kvelden, og det vart slutt på samtale og bøn før leggetid. Ho tok telefonen med på rommet. Andre ting fekk fokus. Ho kjente at ho vart skremt av at ho som ønskte å vera ein kristen, så lett hadde gløymt at Gud fantes. Ho fekk eit vendepunkt, som førte til at ho vart meir bevisst i trua.

Familie viktig

Viss ikkje eg hadde hatt kristne foreldre, bror og familie elles, så hadde eg kanskje ikkje vore kristen i dag. Eg og pappa er glad i å prata om tru og mange andre ting. Spesielt har eg prata mykje med han om rett og gale, om synd. Viss eg har spørsmål, hjelper pappa meg å finna svar. Mamma er meir bønemenneske. Viss eg har gjort ting eg ikkje burde, ville pappa heller at eg skulle vera ærleg, enn å lyga. No blir eg fysisk uvel, der som eg lyg.


Forsamling som ber

- Eg er takknemleg for at mamma og pappa har tatt oss med på møte på bedehuset, seier Caroline. Me har gått i ei lita forsamling, der eg var einaste ungdom etter at bror min flytta. Folk i forsamlinga har bedt for oss heile livet. Me har mange førebilete i forsamlinga, blant besteforeldre – og mamma og pappa. Me har hatt gode folk rundt oss som har gjort oss stødige i trua.

Dei veit ikkje om ein annan veg

I dag tenkjer ein ofte at unge ikkje vil tru, at dei vel bort Jesus og vel verda i staden. Men dei vel han ikkje vekk. Dei veit ikkje om han, seier Caroline. Dei veit ikkje om at det finst ein annan og betre veg; Jesus. Eg veit ikkje Guds plan. Eg har tenkt at eg vil bli misjonær i Noreg, gjerne der eg er vaksen opp.

Marit Hårklau Ådnanes



Dei veit ikkje om at det finst ein annan og betre veg; Jesus.

Helsing frå



FRAMNES

KVGS

www.framnes.vgs.no



Austavinden hylar rundt novene og vindauga er nedsalta av sjøen som blæs innover. Men me har opphaldsver og då får me berre vere glade til. Vinteren kjem tidsnok den.

Me har nyleg hatt Foreldredag. Dette er det første formelle besøket heimanfrå etter at ungdomane starta opp. Nokon fekk det travelt med å rydde rommet for å kunne bevisse at «eg klarer meg på eigahand» - medan andre burde fått det travelt, men håpa gjerne på at mamma ville ordne opp...

Dagen starta med undervisning for elevane, men hovudgreia var Misjonsløpet! Dette er vanleg på Foreldredagen om hausten. Elevane og nokre tilsette og foreldre sprang/gjekk/jogga rundt her på halvøya og sank inn pengar til prosjektet. Og pengar er blitt håva inn! Frå oppstart til no er over 1,1 million kroner innsamla!

På fellesmøtet fekk leiarane for Misjonsprosjektet ein sekvens der dei fortalde om prosjektet og inntrykk frå turen dei var på tidlegare i haust. Representant frå NMS hadde andakt. Elevar bidrog med film, musikk og sang. Elles var det klassemøte på agendaen, samtale med kontaktlærar og andre, alt etter kva ynskje foreldra har.

«Ikkje til sals»

Russen har NMS sitt arbeid i Thailand som prosjekt i år, «Ikkje til sals. Saman mot menneskehandel». Emma Gunvordal og Håvard Lade er leiarane for prosjektet. Saman med internatleiar Inger Sofie Moldsvor, var dei nyleg i Bangkok og fekk sjå kva midlane går til. Sterke inntrykk sit att.

Det er alltid litt innkjøring med tanke på trivsel, heimlengt, nytt skuleslag for mange – og det å bu med andre. Nokre har takka for seg og reist heimatt – både på grunn av lengt og val av feil linje. Nokre nye har kome til og byrja etter skulestart. Me ligg tett opptil det antallet me er godkjende for, 270 elevar.

Haustferien kom nok som ein etterlengta pust i bakken for oss alle. I forkant var Vg3 med lærarar på sin årlege utanlandstur til Spania. Slike turar er med å sveise flokken og trinnet enno betre saman, og er gull verd!

Utleige til konfirmantleir

Medan me hadde ferie, leigde KFUM/K anlegget her til konfirmantleir! 368 personar fylte området frå laurdagen til godt uti veka. Det var overnatting på klasserom – så internata våre var «freda» i så måte. KRIK kjem i vinterferien med sine konfir-

mantar/leiarar. Dette er god reklame og rekruttering for komande Framnes-elevar!

Me har ellers mykje besøk no frå ymse folkehøgskular og bibelskular som vil reklamera. Framnes er ein vidgjeten plass for mange i så måte. Me strekk oss gjerne for at flest mogeleg skal få høve til å kome.

No er me inne i ein arbeidsfase der lekser og prøvar står i fokus. November er ein månad der ein må få prøve å lande det faglege og det som må sitje før tentamen o.l. tar til seinare. Nokre får seg ei overrasking som vanleg – leirlivet er over, no er det skule som står på agenda.

Utruste ungdomane

Likevel, trass i dette som er litt kjedelig og gjerne vanskeleg – Guds rike går fram! Me kjenner at Gud held si hand over oss og er midt i blant oss. Mange får ei fornying i trua si, dei tar tak, samlar seg rundt Ordet og bønna, dei ber med og for kvarandre. Det er dette me er her for – utruste ungdomane til å bli «brave i verda» både i kunnskap og ikkje minst som Kristi representantar her på jord!

Helsing oss på Framnes



Reiseruta desember, januar og februar

DES - Veke 48

1.-3. desember

Kåre Johan Hamre, Ungdomshelg Helgaton

Kristine Særsten, Ungdomshelg Helgaton

Linda Aase, Adventshelg Brandøy

Eirik Stensland, Adventshelg Brandøy

3. desember

Marit Andresen Røen, Hiskjø

Lise Marie Thuestad Litlabø, Halsnøy

DES - Veke 49

5. desember

Marit Hårklau Ådnanes, IMS-styremøte

7. desember

Kåre Johan Hamre, Granvin

Marit Andresen Røen, Husnes

10. desember

Eirik Stensland, ImF Fitjar

Marit Hårklau Ådnanes, Moster

DES - Veke 50

11. desember

Lise Marie Thuestad Litlabø, Leirvik Jr. Ving

13. desember

Eirik Stensland, ConTeenNew

15. desember

Eirik Stensland, Ten-treff Fitjar

17. desember

Ingebrigt S. Sørfonn, Horneland

Lise Marie Thuestad Litlabø, ImF Stord

DES - Veke 52

28. desember

Lise Marie Thuestad Litlabø, Halsnøy

30. desember

Lise Marie Thuestad Litlabø, Huglo

JAN - Veke 2

7. januar

Olav Eikemo, Laurhammer

9. januar

Marit Hårklau Ådnanes, Styresamling Sunnhordland

Ingvild Løklingholm, Styresamling Sunnhordland

10. januar

Eirik Stensland, ConTeenNew

11. januar

Marit Hårklau Ådnanes, Styresamling Hardanger

14. januar

Marit Hårklau Ådnanes, Vågen Bedehusforsamling

Kåre Johan Hamre, Os

Lise Marie Thuestad Litlabø, Kyrkjetunet Ølen

JAN - Veke 3

17.-19. januar

Aksel Ingvard Johannessen, Osterneset

19.-20. januar

Olav Eikemo, Laurhammer

21. januar

Lise Marie Thuestad Litlabø, Laurhammer

Marit Andresen Røen, Husnes

Marit Andresen Røen, Skånevik

JAN - Veke 4

23. januar

Eirik Stensland, Barne- og ungdomsleiarnettverk

Lise Marie T. Litlabø, Barne- og ungdomsleiarnettverk

Kristine Særsten, Barne- og ungdomsleiarnettverk

24.-28. januar

Ragnar Ringvoll, Bømlo

25. januar

Tilsette m.fl., Tilsette- og styresamling Stord

Ingebrigt S. Sørfonn, Huglo

26. januar

Kåre Johan Hamre, Tencafeen Samnanger

28. januar

Kåre Johan Hamre, Samnanger

FEB - Veke 5

1.-4. februar

Kåre Johan Hamre, Odde

2.-4. februar

Lise Marie Thuestad Litlabø, Damehelg Brandøy

Eirik Stensland, Skiweekend Helgaton

Kristine Særsten, Skiweekend Helgaton

4. februar

Olav Eikemo, Norheimsund

Håkon C. Hartvedt, Sagvåg

FEB - Veke 6

6. februar

Marit Hårklau Ådnanes, IMS-styremøte

7. februar

Eirik Stensland, ConTeenNew

9. februar

Marit A. Røen, Gilje

9.-11. februar

Kåre Johan Hamre, Husnes

11. februar

Marit Hårklau Ådnanes, Moster

Eirik Stensland, Håvik

Kenneth Foss, Øystese

Marit A. Røen, Øvrebygda

FEB - Veke 7

14. februar

Olav Eikemo, Tysnes

16. februar

Linda Aase, Gilje

Lise Marie Thuestad Litlabø, Horneland

16.-18. februar

Olav Eikemo, Skånevik

17. februar

IMS-tilsette, KRAFT-konferanse

18. februar

Marit Hårklau Ådnanes, Laurhammer

Eirik Stensland, ImF Fitjar

Arne Lindekleiv, Gilje

FEB - Veke 8

21.-25. februar

Håkon Garvo, Tørvikbygd

22. februar

Marit A. Røen, Huglo

23.-25. februar

Kåre Johan Hamre m.fl. Brandøytreff

FEB/MARS - Veke 9

26. februar - 3. mars

Eirik Stensland, Misjonstur ConTeenNew

28. februar

Håkon Garvo, Øvrebygda

29. februar - 2. mars

Håkon Garvo, Tysnes

Reiseruta er enno under utarbeiding, spesielt gjeld dette for Ung-avdelinga.

Det var i Betlehem i Judea Jesus vart fødd, medan Herodes var konge. Då kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som nett er fødd? Vi såg stjerna hans då ho synte seg i dagsranda, og no er vi komne og vil hylla han.»

Matt 2, 1-2



Med ynskje om ei velsigna god julehøgtid!

PÅ TAVLA



Hjarteleg velkommen til Damehelg på Brandøy, 2.-4. februar, 2024

Talar: Henriette Bjørnevik



Freddag kveld vert det konsert med Hilde Svædal



Påmelding og meir info kjem på: indremisjonen.no

SKILEIR 2024

2.-4. FEBRUAR PÅ HELGATUN



sjå [INDREMISJONEN.NO](http://indremisjonen.no), ELLER SKANN QR-KODEN, FOR MEIR INFO 

Brandøytref

-leir tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming-

► 23.-25. FEBRUAR 2024

- BIBELFORTELJING
- PRAT
- SPEL
- TUR
- GOD MAT
- HOBBYAKTIVITET
- TRIM I GYMSALEN
- LEIRFEST

PÅMELDING: WWW.INDREMISJONEN.NO



VELKOMMEN TIL VINTERFERIEOPPHALD PÅ HELGATUN

23. febr. til 3. mars

Ynskjer du ei eller fleire overnattingar, ta kontakt på tlf. 56 51 98 98 eller send ein mail til helgatun@helgatun.no



LEIRAR FOR FAMILIE OG BARN/VAKSEN

	Juniorhelg på Brandøy 4-9 år med følge 1.-3. mars 2024	
	Superhelg på Helgatun 0-9 år med følge 3.-5. mai 2024	
Familieleir på Brandøy 28. juni-2. juli 2024		

Påmelding: indremisjonen.no

Velkommen til påske på HELGATUN

FAMILIELEIR

(Kombi-leir)
22. - 26. mars 2024

PÅSKEOPPHALD

27. mars - 1. april 2024

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98
helgatun@helgatun.no



Vårtreff på Brandøy

-for oss over 60-

22.-25. april 2024

Velkommen til fine vårdagar på Brandøy! Naturen her er ei perle av Guds store skaparverk med fjord, fjell og skogkledde lier. Her kan du finna ro og kvile for kropp og sjel. Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og vitnemål.

Påmelding: indremisjonen.no eller ring kontoret tlf. 53 41 07 04

